

Tilsvar til reguleringsplan i sjø - akvakultur - Langøy - Ospenes - utviding av anlegget, jfr almannamøte på Lindås den 16.8.17 med frist for deltakarane til å koma med motseigner mot den presenterte planen for utvidelse av anlegget innen 24.8.17

Merknader til utvidinga/dispensasjon. Då vi meiner at dispensasjonen må sjåast i ein større samanheng, har vi teke merknadene inn i ein meir generell omtale av oppdrettsnæringa.

Som busett langs Austfjorden fiskar vi i Austfjorden. Dette fisket har nå i mange år svikta oss. I den tidlegare så fantastiske fiskefjorden der til og med kveite og håkjerring er droge opp, får vi nå stort sett små fiskar, andre kan vera forkrøpla og andre igjen luktar kloakk. Eit unntak gjeld kanskje for djupvassfisk som vert fanga på djupne - her er det visst noko fangst av brosme og lange. Sjølv om me har utslepp frå Statoil Mongstad og Sløvåg både i lufta og i fjorden, reknar vi at det er fiskeanlegga sine utslepp av kloakk og giftige kjemikalier som årsak til fiskesvikten og den dårlige kvaliteten på fisken - (ein mann hevda til og med at katten hans nå ikkje vil smaka fisken).

Også på overflata er Austfjorden visuelt forsøpla ved dei mange og skjemmande fiskeanlegga som det stadig blir fleire av, og som nå ein nå finn over heile fjorden.

1.

Fiskeanlegga sin arealbruk i fjorden. Folket sine rettar. Jfr også havbruksl. § 2 "Dei viltlevande marine ressursane ligg til fellesskapet i Noreg".

Etter alders tids bruk/sedvanerett etter busetnad som går meir enn 1000 år attende, har folket rett til å nytta fjorden til fiske og ferdsel, i våre dagar også til friluftsaktivitetar. Med fiskeanlegg over heile fjorden, er desse rettane vorten vesentlig innskrenka.

Utanom det areal som som eit anlegg legg beslag på (som ligg i det område som i kommuneplanen er avsett til akvakultur), må ein også rekna med forbodsone mot fiske nærmare enn 100 m rundt anlegget. I tillegg kjem arealet under sjøen og på sjøbotnen utanfor sjølve anlegget som vert nytta til fortøyning av kablar på kryss og tvers frå anlegget. På møtet vart det m.a. opplyst at fortøyninga for anlegget Langøy-Ospeneset i Lindås strekte seg tvers over fjorden til Elvika i Masfjorden (nabokommunen) der dei var bolta nede på 15-18 meters djup. Dette skal også vera tilfelle for andre anlegg. Slike fortøyningar vil vera til hinder for linefiske, djupnagarn og tråling. Ikkje å undras over at ein deltaker på almannamøtet sa at nå skjøna han kor linene hans var vorten av.

Har dei som utarbeider planar for areal til fiskeanlegg/utvidingar teke omsyn til at det er eit slikt total-areal ein etter vår oppfatning må rekna med når ein vurderer kor stort areal

som vert nytta av kvart anlegg og til fortrengsel for folket?

Masfjorden har også ei lang grense mot Austfjorden og mange fiskeanlegg. Når ein såleis har fiskeanlegg både "i aust og i vest" seier det seg sjølv at arealet som vert att ikkje vert så stort verken til ferdsel, friluftsaktivitetar eller til hobby- og næringsfiske som folket i uminnelige tider har utøvd. Ellers er det vel ofte på dei beste fiskeplassane oppdrettsnæringa ønskjer å leggja anlegget - til fortrengsel for folket.

Når kystsoneplanane som skal regulera strandsona og havområdene ut til ei nautisk mil etter plan og bygningslova, burde dei ikkje då laga eit forståeleg (og lett tilgjengeleg) kart for folket som tydelig viste kva områder som var avsette (eller planlagt) til akvakultur, og fiskeanlegga med det totale arealet dei legg beslag på, både over og under havflata. Tilvarande som tilhører Masfjorden kommune må og koma fram, det gjeld også gode fiskeplassar, og og særlege forekomster av andre arter som ein må taka omsyn til. Namna på selskapa som eig/driv dei bør også oppgjevast. Ved utarbeiding av planane må det takast omsyn til folket sine retter, og ikkje minst leggja vekt på kystfiskarane sine interesser og deira trøng for utviding av denne næringa. Dette så mykje meir fordi denne tradisjonelle næringa er lønsam, bærekraftig og langt meir miljøvennlig enn oppdrettsnæringa.

2.

Oppdrettnæringa sin skade på villaks og sjøørret

Oppdrettsnæringa er vel f.t den mest lønsame næringa i Noreg, men dei miljømessige konsekvensane har vi langt frå oversikt over.

For så vidt gjeld den lokale Natåselva, vart det på almannamøtet opplyst at fisken i elva var full av lakselus og at især auge, finner og hale var hardt skadd. Slik skade har også tidlegare vorten påvist, m.a. skulle dette ha vore vist ved oppslag og bilde i ei av lokalavisene ei tid attende. Dersom vi hørde rett på møtet, skulle oppdrettsverksemda sine folk ha vore i elva utan å kunne påvisa noko skade (?)

Lakselus og rømningar frå mærdene har ført til sjukdom og endring av gener på villaksen. Når villaksbestanden har minka med ca 50 % i dei siste 30 år, vert dette rekna som hovudårsak.

Hardanger Villfisklag hadde i fleire år samla inn materiale frå 22 truga laksestammer. Frå regjeringa kom det bod om at desse måtte destruerast, då det ikkje var pengar til ivaretakelse av dette materialet. Dette vart omgjort, men slik at ein førebels berre har pengar til ivaretaking i 2 år.

Når det gjeld skade på anna fisk, hevdar fiskarane i nord at torsken skyr laksemærder og gyter ikkje i nærliken av desse. I Austfjorden var det før jul i fjor eit innsig av torsk som folk var storgladde for; det var då rogn i fisken. Fisken forsvann like over jul, men korvidt han hadde gytt for han drog, veit vi ikkje.

3. Sjukdom i oppdrettsanlegga, forurensing.

Frå Aftenposten Innsikt April 2017:

"EUs vanndirektiv gir strengere regler for bruk av vann i Norge - med ett unntak: Fiskeoppdrett unnsliper kravene fordi norske myndigheter argumenterer for at det ikke finnes tilstrekkelig kunnskap og næringens miljøpåvirkning. Det foreløpige unntaket er klaget inn for ESA.. "

"Samtidig forurenses norske fjorder og kystområder av næringssalter fra avføringer til 400 millioner oppdrettslaks og regnbueørret. Utslippet tilsvarer avløp fra rundt 17 millioner mennesker (NRK Brennpunkt, nov. 2016), uten at det stilles noen krav om oppsamling eller rensing.

De enorme mengdene påvirker vannmiljøet i fjordsystemet, spesielt der det er lite sirkulasjon av vannet. Enkelte fjorder er blitt brakklagt på grunn av kritiske bunnforhold og oksygenmangel - og næringssgrunnlaget for bunndyr, og i neste omgang fisk, er mange steder påført stor skade. I tillegg utsettes økosystemene i fjorden for forspill og utslipp av kobber, samt kjemikalier fra lusebehandling i oppdrettsanleggene."

I BT 18.6.17 les vi at ordføraren i Osterøy presenterte "en ny versjon av sin sjø- og strandsonelineplan til høring", og her ønskete han at det skulle være "minimalt til ingen utslipp" av organiske partikler i deler av fjordsystemet. Grunngjevinga var at avføring og matrestar frå foringa brukte opp oksygenet i sjøen, slik at andre artar ikkje ville trivas. Med forslaget hadde han "et sterkt ønske om å være føre var, og vi har et sterkt ønske om å følge opp Gunnloven, andre lover og avtaler i Stortinget - som alle peker i retning av at havbruksnæringen skal bli bærekraftig". Ordføraren fekk nei frå fylket. I Bergensavisen 19.6.17 les vi om samme sak, men her vises det til at bygningslova er spesiell - på land vert denne følgt til minste detalj - på sjøen kan ein visst gjera som ein sjø vil. Ein utvalgskollega svarar då at "Vi er pålagt å sørge for kommunene ivaretar akvakulturens behov, og slik vi ser det er de ikke godt nok ivaretatt i denne planen. Vi hadde håpet på at Osterøy kommune gikk lenger for å komme fylkeskommunen i møte."

Oksygenmangel var tilfelle i Masfjorden i år og fem anlegg vart berørt - nokre av dei må flyttast. I fjar var dessuten eit av anlegga der råka av den farlege fiskesjukdommen PD (pankreas sykdom) og heile produksjonen måtte slaktas.

Den harde medisineringen mot lakselus og andre sjukdommar påfører laksen og ørreten stress og store lidingar, og er vel hovedgrunnen til at ca kvar femte laks dør før slaktning. (I ein søknad om auking av produksjonen var oppgitt eit anslått svinn på 24%).

Hadde lidingane til fisken vore like kjent for folk som tilstanden til burdyr (mink o.a.), trur vi at mange/kanskje dei fleste? ville avstå frå oppdrettsfisk på middagsbordet. Og kva ville hendt hvis ein bonde hadde støtt slik med buskapen sin? Jfr melding frå Veterinærinstituttet.

Då dette fiskeanlegget det her er tale om, havarerte for nokre år tilbake i ein storm, vart ein del av fisken fanga av lokale folk, som dels tok fisken til mat. Under sløyting av den store, svært feite laksen viste det seg at levra var mørk blå, nesten svart av farge. Diverre var det ingen av "fangstmennene" som sende inn denne til analyse. Men ei slik lever tyder vel på at noko var feil?

I BT 23.9.16 melder fylkesmannen i Hordaland at "Kobbermengdene under mange oppdrettsanlegg er i snitt tre ganger høyere enn det som regnes som akutt giftig for dyr. Miljøgift hoper seg opp under oppdrettsanlegg" og vidare i BT 13.5.17: "Den fryktede laksesykdommen ILA...er oppdaget i et oppdrettsanlegg i Hardangerfjorden, (Nebbo, Lingalaks). To år tilbake var det ILA-utbrudd hos Bolaks i Fusa". (Denne sjukdommen øydela fiskeriene i Chile)

Men i Strilen kan vi lesa at "Lindås kommune (legg) opp til ei dobling av kloakkavgifta, frå kr 4.500 kroner i 2017 til kr 9.000 kroner i 2022". Årsaken skal vera strengare krav til reining. Kvifor set ikkje kommunen då krav til reining av avfallet frå mærdane?

4. Dispensasjonspraksis

BT i magasinet sitt 25.6.16 opplyser at det i Hordaland er gjeve minst 44 dispensasjoner til nye eller utvidelse og/eller flytting av eksisterende oppdresanlegg siden 2010". I same tidsrom har det avslått 10 søknader. Dette er fleire enn i Nordland som er det største oppdrettsfylke. Og i Lindås er det i perioden gjeve dispensasjon til selskaper som vil utvida verksemda til areal som ligg utanfor akvakulturområde

I BT magasinet 25.6.2016 les vi - etter ein studie BT har føreteke og i eit intervju med Rune Fjeld, assisterande fylkesmann i Hordaland - at oppdrettsnæringa veks på dispensasjonar og unntak frå plan og bygningslova, og at utvidelse og flytting av anlegg i stor grad skjer med begrensa innsyn frå folket, og uten konsekvensutredningar. Dette innebærer at utvidingar ikkje vert vurdert etter naturmangfoldslova , dvs korleis oppdrettsarealer verkar inn på den samla og totale innverkningen i sjøen og naturmiljøet. Og det er fylkesmannen som etter naturmangfoldslova skal foreta denne vurderinga. "Fjeld minner om at regjeringa har presisert at oppdrettsnæringa skal veksa på ein bærekraftig måte".

Dette vilkåret er ellers presisert i havressurslova § 1, men synes i praksis å bli tilsidesett for lønsemd og auking av produksjonen som vel også oftast er eit moment ved dispensasjonssøknaden.

4. Kven skal eiga havressursane

Vi er i dag vitne til at ressursane i havet/fjordane vert overførte/samla på færre og færre hender av storkapital og milliardærer. Desse ønskjer stadig nye anlegg og utviding av eksisterande anlegg. Jfr overskrifter/utsegner i avisene:

BT 16.2.17:

Glade lakser etter utbyttefest

Marine Harvest sender nesten tre milliarder kroner i utbytte til sine utenlandske eiere".

BT4.5.2017

Inntektene i havbruk har økt med over 200% på 10 år

BT 7.4.17

Laksefest trakk opp for Grieg-gruppen

BT 19.4.17

Skatteparadis for oppdrettere -

SV foreslår at laksenæringen må betale avgift til kommunene, men

Kvinnherad-ordføreren advarer mot nye pålegg til oppdretterne.

BT 5.8.17

Laksekongen Gerhard Meidell Alsaker - overskot 720 millioner kr

I havressurslova av 2008 med endring i 2017 heiter det i § 1: "Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna".

Det vert hevdat at oppdrettsnæringa skapar arbeidsplassar og busetnad i distrikta. Ja, det er visseleg ein god ting. Men så svært mange fulltids arbeidsplassar kan det vel ikkje vera tale om?. Men må ikkje vi av folket som med store omkostningar har bygd hus langs fjorden og med eiga kostnad har betalt for veg, vatn og kloakk, og sjølv skaffa oss arbeidsplassar, også reknast med i denne samanheng? Vi har skapt små, berekraftige samfunn der vårt kulturområde er naturen ikring oss - ikkje minst har Austfjorden vore det.

Etter plan og bygningsl skal kommunen utføra ein kommuneplan og i denne ein arealplan. Tiltak i strid med formål krev dispensasjon eller planendring.

I BT 25.6.2016 har avisa opplyst at "det er gitt minst 44 dispensasjoner fra kommuneplanene til nye eller utvidelse og/eller flytting av eksisterende oppdrettsanlegg i Hordaland siden 2010". I lindås skal det ha vore gjeve 5 dispensasjonar.

Endelig reiser vi spørsmål om kvifor kommunen - som ordføraren i Osterøy gjer - handhevar plan og bygningsloven heilt forskjellig - for folket vert den handheva i minste detalj, mens noko slikt ikkje kjem på tala for oppdrettsnæringa. I BT magasinet av 25.6-16 er det intervju med eit par som søkte dispensasjon for å få leggja ut ei lita flytebryggja på 10m² m/gangbru. Begrunnelsen var: "Trekonstruksjonen med gangbro, landgang og flytebrygge ville bli et fremmedelement og forringe strandsonen". Saka kosta dei kr 35.000 inkl. advokathonorar.

Er ikkje alle innretningane på sjøen til oppdrettsnæringa eit framandelement, og forringar ikkje dei havoverflata? Folk flest vil svara ja på spørsmålet. Og dei ville svart nei på den stakkars flytebryggja. For brygger og gangvei til båt og sjø har her vore i hundrevis av år og var vanlig for alle hus som låg rimeleg nær til sjøen. Mange hadde også trebrygger. Og sjå på Sævråskaien kva som ligg der etter eit oppdrettsanlegg!

Og er begge vedtaka eit "kan" vedtak etter forvaltningslova gjeld reglene om

myndighetsmisbruk, m.a. må det ikkje føreliggja usakleg forskjellshandsaming, ikkje vera vilkårlig eller grovt urimeleg og ikkje må det takast utanforliggjande omsyn.

Om kommunen kunne grunngje denne forskjellshandsaminga, ville nok mange setja pris på det.

Harald Hodneland
Hansen
Hodneland 241
126
5957 Myking
Myking
Tlf 56 36 41 26
574

Helga Skauge
Hodneland 139
5957 Myking
Tlf 901 51 803

Harald
Hodneland
5957
Tlf 928 20

"